



Bart Lesaffre
Sandvikavegen 165
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16749 - 20/73784

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
18.11.2020

Landbrukssak gbnr 119/5 Sundsbø - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1246/20

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Bart Lesaffre løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 119/5 Sundsbø.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt. Vedtaket er gyldig til 30.11.2023.

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld

Bart Lesaffre med fleir har nyleg kjøpt bruk 119/5 Sundsbø der det er stort behov for ny veg fram til garden. I same veg er det fleire partar som får nytte av vegen fram til eigne hus/hytter/tun. Det er planlagd ca 280 meter nyanlegg i vegklasse 4, landbruksvegforskrifta. Vegen er estimert til ca kr 500 000,-.

I traseen til vegen er det ein haug som ein vil sprengje og nytte massar til bygginga. Det vert etablert eige veglag med dei som har interesser i vegen der fordelinga av kostnad og vedlikehald vert satt.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet

til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Planlagd veg vil gje betre tilkomst til fleire grunneigarar. I hovudsak skal vege gje tilkomst til gbnr 119/5 og 4. Eigarane av 119/5 har mange planar for bruket og er godt i gong med dei. For å kunne driva garden og få fram maskiner, bilar og anna utstyr er det behov for ein betre veg. Dette er i tråd med forskrifta og kommunen har ingen merknadar til tiltaket. Etter kommentar frå fylkesmannen som nemner avrenning må ein etablera fangdammar for å unngå partiklar og anna frå vegbygginga/massetaket renn ut i elva som førar vatn til Breivika. Her er det registrert viktige blautbunnsområde.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området, sett bort frå blautbunnsområda. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland.

Sjå svar under frå Fylkesmannen i Vestland. Fylkeskommunen gav ikkje tilbakemelding. *«Det er berre antyda kva område som skal nyttast til massetak, men ein må unngå at det blir avrenning frå massetaka til bekkar og elver som renn ut i Breivika i nord. Her er det registrert viktige blautbunnsområde i strandsona.»*

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16749

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Miljøfagleg kommentar til søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 119/5 Sundsbø

Mottakarar:

Bart Lesaffre

Sandvikavegen 165

5915

HJELMÅS